

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 14.11.17 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 13.00

Møtet slutta kl. 15.00

Desse møtte:

Jon Helge Bjørndal

Anne Ellingsen

Helge Standal

Ove Myklebust

Frå representantskapet møtte Jan Henning Egset. Frå administrasjonen møtte Petter Bjørndal som førte møteboka. Ann Britt Våge Fannemel møtte ikkje.

Jon Helge Bjørndal leia møtet. Det var ingen merknader til innkallinga. Saklista vart godkjend med sakene 42- 49. Sak 45 og 46 vart tatt til slutt i møtet, før godkjenning av protokoll.

Sakliste:

Sak 42-17. Dagleg leiar sin rapport.

Vedtak (4 røysteføre)

Styret tar dagleg leiar sin rapport til orientering.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga. Dagleg leiar orienterte om Status økonomi, Innsamling / bildrift, Miljøstasjonsdrift, Kommunikasjonsarbeid, Personalsituasjonen, Status Fritidshus, Status investeringsplanar, Status off. innkjøp, Nytt frå tilsynsmynde / om Farleg Avfall, Samarbeid Årim, SSR og VØR, status Biogass, status Melsgjerdet, utviklingsoppgåver i VØR administrasjonen hausten 2017 og utviklingstrendar i avfall.

Sak 43-17. Handlingsplan 2018

Vedtak (4 røysteføre)

Styret godkjenner handlingsplan 2018 dagsett 14.11.17 slik den ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga. Transporten må kvantifiserast pr. avfallsområde.

Sak 44-17 Møteplan og årshjul 2018

Vedtak (4 røysteføre)

Styret vedtek årshjul og slike møtedagar i 2017. Møtestart styremøta kl. 13.00.

Styret: 30 januar, 3 april, 19 juni, 18 september, 13 november.

Representantskapen:24 april, 9 oktober. . Styreleiar foreslo møtestart 13.00 for styremøta.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak 45-17 Styret sin eigenevaluering 2017

Vedtak (4 røysteføre)

Styret vedtok eigenevaluering 2017 slik den kom fram i møtet.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke. Dagleg leiar gjekk frå under handsaminga av denne saka.

Sak 46-17 Lønfastsetting dagleg leiar.

Vedtak (4 røysteføre)

Styret fastset løn til dagleg leiar slik det går fram av lønsprotokollen.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke. Dagleg leiar gjekk frå under handsaminga av denne saka.

Sak 47-17 Referatsaker

Vedtak (4 røysteføre)

Styret tar referatsakene til orientering.

Disse referatsakene vart lagt fram på møtet:

Hauptkonferansen Avfallsforum Møre og Romsdal november 2017- munnleg orientering

Innspel til høyring av renovasjonsforskriftene:

Roy Inge Heltne datert 01.08.17

Bård og Liv Karin Egset datert 30.08

Eldrerådet i Volda datert 25.09.17

Svarbrev av 26.10.17 frå VØR

Brev frå Astrid Halkjelsvik 18.10.17.

Rapport frå revisjon frå Grønt Punkt 13.11.14. Munnleg orientering.

Sak 48-17 Kjøp av finkværn *Unnteke off. § 23.*

Vedtak (4 røysteføre)

Styret vedtek å kjøpe finkværn frå OP Maskin, som tilbode.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Notat: «Anskaffelse utan kunngjering»for kjøp under kr 1.700' frå Dammerud Kompetanse AS, ilag med oversikt over tre ulike og samanliknbare kverner som i dag ligg tilgjengelege på nettet, vart lagt fram på møtet.

Sak 49-17. Godkjenning av møtebok.


Vedtak (4 røysteføre)

Styret godkjenner protokoll frå møte 14.11.17 slik den ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Hovdebygda 14.11.17



Jon Helge Bjørndal
Styreleiar



Anne Ellingsen



Petter Bjørndal - referent



Helge Standal



Ove Myklebust